



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Videorom 2. etg.
Dato	02.03.2026
Tid	Kl. 13:00 - 15:40

Følgjande medleamar møtte

Anne-Pia Nygård
Elfrid Rauset Håheim
Jan Ove Rygg (p)
Jenny S. Hysing

Frå

H

Forfall/møtte ikkje

Tone-Kristin Morken

Frå**Følgjande varamedlem møtte**

Katrine Anita Heggelund

Frå

SV

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
002/26	Referat og orienteringssaker
003/26	Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status
004/26	Dekking av transportutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod
005/26	Lokal transportplan - felles innspel?
006/26	Oppvekstplan - info om høyringsutkast
007/26	Årleg møte for dei rådet skal representere?

001/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner møteboka frå sitt møte den 17. desember 2025.
2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 2. mars 2026.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

RAD- 001/26 Vedtak

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner møteboka frå sitt møte den 17. desember 2025.
2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 2. mars 2026.

002/26: Referat og orienteringssaker

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

- a. Jan Ove Rygg orienterte om prosjektet Eidehøvdningen, og høve til å få på plass turstiar i nærleiken. Turstiane/tilrettelegging kan også gjere det til fine tur- og uteområde for menneske med nedsett funksjonsevne. Dei tre aktuelle plassane er Longisane, rett ovanfor vegen frå Eidehøvdningen, Eide kultursti og Eidsfossen.
- b. Nordfjordløpet går frå Utvikfjellet til Sandane sentrum. Det var eit prøveløp i fjor. Det har kome innspel om det går an å tilrettelegge noko for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med dette. Elfrid tar kontakt med arrangementskomiteen.

RAD- 002/26 Vedtak

- a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker at kommunen skal bidra til realisering turområde / tursti som er universelt utforma, eller med tilgjenge for så mange som råd, ved Eidehøvdningen sin gard. Vi har mange fine turområde, men ikkje alle kan nytte dei. Dette har rådet vore opptatt av over tid. Vi ser at det er behov for at kommunen tar ei aktiv rolle i å planlegge og realisere tilrettelegging av turområde med universell utforming/gode tilhøve for alle.
- b. Rådet vil følge opp innspelet om tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med Nordfjordløpet. Elfrid tar kontakt med arrangementskomiteen.
- c. Rådet forventer at det vi har blitt enige om når det gjeld tilrettelegging for rullestol i kultursal og kino blir fulgt opp, og ber sekretæren undersøke stoda og samtidig spørje om kva som skjer med heisen.
- d. Rådet sender følgjende uttale til Gloppen legesenter, via kommunalsjef helse og velferd:

"Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Gloppen vil gjere merksam på at venterommet ved legekantoret i kommunen kan vere ein krevjande stad å vere for personar med migrene. Sterk og skarp belysning, kombinert med høgt lydnivå er kjende triggarar for mange med migrene. For denne gruppa kan både lys og lyd utløyse eller forverre anfall, og gjere eit nødvendig legebesøk unøddig belastande.

Universell utforming handlar òg om å ta omsyn til dei som har usynlege funksjonsnedsettingar. Det er fleire enn dei med migrene som opplever det høge lydnivået (radio med tilfeldig variasjon av snakk, skrål, latter og musikk) som problematisk, og ei ekstra belastning ved legebesøk. Rådet ber derfor om at det vert vurdert tiltak som meir dempa og justerbar belysning, betre skjerming mot støy og høve til eit roleg venteområde."

003/26: Prosjekt Bu- og omsorgstilbodet - rigga for framtida - orientering om status

Kommunedirektøren si tilråding

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

Anita Eide Lothe orienterte og svarte på spørsmål.

RAD- 003/26 Vedtak

Rådet tok saka til orientering.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

Prosjektleiar Anita Lothe var tilstades og orienterte om driftsprosjektet.

HEOP- 013/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.

Vedtak samrøystes.

004/26: Dekking av transportutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår Helse- og oppvekstutvalet til å oppretthalde vedtaket i Helse- og omsorgsutvalet datert 22.11.2011 som var følgande:

Helse- og omsorgsutvalet meiner det er viktig at brukarane til Mona Vekst (No Movia) vert sikra ei individuell vurdering i høve skyssutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod.

Helse- og omsorgsutvalet meiner også dette er det NAV som må vurdere og vedtek ikkje å opprette ei slik teneste for dekking av skyssutgifter. Helse- og omsorgstenesta skal informere brukarane om at dei kan søkje NAV om utvida grunnstønad.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

RAD- 004/26 Vedtak

Rådet ber helse- og oppvekstutvalet ta følgjande med i vurderinga av saka:

Det blir peika på høve til å søke om utvida grunnstønad, men dette vil i mange tilfelle ikkje dekke den reelle kostnaden. Det er heller ikkje råd for alle å samkøyre, grunna spreitte bustader. Det kan vere fare for at enkelte ikkje får nytte seg av tiltaka om ein ikkje har råd til transport. Dette har store konsekvensar for kvardag, trivsel og helse. Dette gjeld både for arbeidstakaren sjølv og pårørande.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 011/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet opprettheld vedtaket i Helse- og omsorgsutvalet datert 22.11.2011 som var følgande:

Helse- og omsorgsutvalet meiner det er viktig at brukarane til Mona Vekst (No Movia) vert sikra ei individuell vurdering i høve skyssutgifter til arbeidsretta aktivitetstilbod.

Helse- og omsorgsutvalet meiner også dette er det NAV som må vurdere og vedtek ikkje å opprette ei slik teneste for dekking av skyssutgifter. Helse- og omsorgstenesta skal informere brukarane om at dei kan søkje NAV om utvida grunnstønad.

Vedtak samrøystes.

005/26: Lokal transportplan - felles innspel?

Kommunedirektøren si tilråding

Rådet har desse innspela til lokal transportplan:...

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

Alle kan fylle ut innspelsskjema kvar for seg om dei kjem på fleire ting.

RAD- 005/26 Vedtak

Rådet peikar spesielt på Firdavegen, og viser til brev sendt utvalet i oktober 2024, sjå under.

Andre ting:

- Det manglar fortau når ein kjem opp Krånavegen og skal vestover på Nordstrandsvegen, ut frå sentrum.
- Heradsplassen er ein plass der er vanskeleg å bevege seg på om ein har synshemming, nedsett balanse eller orienteringsevne. Det er rotete møblert, renner som utgjør ei fallfare og manglar gangsoner og ledelinjer å orientere seg etter. Når plassen er i bruk som møteplass er det ofte salsboder og telt der, noko som gjer det enno vanskelegare å ta seg fram. Det er veldig problematisk at den plassen som brukast ved fellesskapsbyggande arrangement ikkje er råd å bruke for alle.

Brev sendt 10. oktober 2024:

Til Samfunnsutvalet ved leiar Runar Kleppe

Innspel frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne oktober 2024:

Tilgjenge i Firdavegen

I mobilitetsveka i 2020 vart det sett fokus på tilgjenge i Sandane sentrum. Vi hadde fleire synfaringar, både med menneske med ulike funksjonsnedsettingar og med kommuneleiing og politikarar. Alle fekk prøve å ta seg fram i sentrum med ulike ganghjelpemiddel som rullator og rullestol. Mange fekk med dette ei aha-oppleving, og det vart tydeleg at det her er mange utfordringar når det gjeld tilgjenge og trafikktryggleik. Det vart gjort nokre tiltak i etterkant som betra situasjonen på nokre punkt, td i Flølokrysset og utanfor Hendebygget.

Firdavegen merka seg ut som det mest problematiske område i Sandane sentrum. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt fleire synfaringar her. Her er det eit større arbeid å få området til å sjå ut som det er planlagt i områderegeringsplanen. Rådet vil peike på at også mindre tiltak kan gjerast for å betre situasjonen på kort sikt.

Resultatet frå synfaringane og nokre forslag til tiltak:

- Mellom Motebui og Skinlo er fortauet dårleg markert, det er avgrensa mot vegen berre med ein skrå asfaltkant. Dette gjer at bilar parkerer her utan tanke for at det er eit fortau. I tillegg blir området nord for fortauet brukt som snødeponi, og det ligg ofte snø på fortauet.
- Framfor Skinlo og Bakaren er fortauet hellelagt. I begge ender er det laga til så det går an å kome opp med rullestol. Fortauet er smalt, og når bilane parkerer med fronten inn over fortauet blir det ikkje råd å passere med rullestol. Kanten på den hellelagte flata er ikkje markert med kontrastfarge, dette ville betra tilhøve for svaksynte og tydeleggjere kor parkeringsplassen sluttar.
- Framfor Bakaren, i hjørnet, er fortauet og dei to parkeringsplassane lengst mot aust møblert så det ikkje er råd å kome forbi utan å gå ut i vegbana. Møblane sperrer også for høve til å kome opp på fortauet for rullande frå den sida, dei har såleis ikkje tilkomst til Bakaren og Skinlo i det heile tatt.
- Parkerte bilar sperrer for sikta, det kan oppstå trafikkfarlege situasjonar når barn eller folk som sit i rullestol kjem ut i vegen.
- Fortauet er regulert breiare enn det er i dag. Dersom det hellelagte fortauet vart utvida til kanten av fortauet slik det fortsett lenger opp i gata, ville det vere plass til både møbleringssone og gangsone. Dette føresett at parkeringa blir langsgående, slik det også er regulert.
- Ei kortsiktig løysing som vil betre tilkomsten for rullestol vil vere å fjerne ein parkeringsplass til ved møblane og lage til ei oppkøyring for rullestol opp på fortauet her. Det må i så fall markerast tydeleg at det ikkje er parkeringsplass lenger.
- Sjølv når gata ein gong i framtida ser ut som i reguleringsplanen vil det vere nødvendig med opphald i den langsgående parkeringa for å sikre breitt nok fortau ved hjørner av bygg.
- Det manglar gangfelt nedst i Firdavegen, sjølv om det er eit naturleg krysningspunkt

Også i 2023 vart det sett fokus på tilgjenge i sentrum då Elmi, ein synshemma elev ved Firda VGS, tok kontakt for å vise kor vanskeleg det er for han å orientere seg i sentrum. Også her var Firdavegen eit av problemområda, han kan ikkje nytte fortauet og dermed ikkje gå gjennom Firdavegen utan følge

som kan syte for at han er trygg når han går i veggane.

Både under og etter synfaringane har det vore dialog mellom kommunen og grunneigarar, men det har ikkje vore jobba konkret med løysingar. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det blir tatt eit initiativ frå kommunen si side til å betre tilhøva i Firdavegen, både for dei med nedsett funksjonsevne og alle andre mjuke trafikkantar.

006/26: Oppvekstplan - info om høyringsutkast

Kommunedirektøren si tilråding

Rådet tar saka til orientering, og vil kommentere/spele inn dette:...

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

RAD- 006/26 Vedtak

Rådet ser positivt på at det er laga ein oppvekstplan, og ser at det er gjort eit grundig og godt arbeid. Rådet ser at evaluering og oppdatering/revidering av "*Plan for samordna tenester og opplæring for barn og unge*" ikkje er tidfesta, og ønskjer at dette blir prioritert.

007/26: Årleg møte for dei rådet skal representere?

Kommunedirektøren si tilråding

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil arrangere ei årleg samling der dei inviterer dei som rådet er meint å representere. Målet er auka medverknad frå menneske med nedsett funksjonsevne, og på sikt sikre rekruttering til rådet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.03.2026:

Behandling

Rådet ønsker å samle interessegruppe i staden for medlemmer i kvar organisasjon for seg.

RAD- 007/26 Vedtak

Rådet ønsker å prøve ut å ha årlege møte for alle rådet representerer, basert på tema. Første tema kan vere prosjektet "Bu og omsorgstilbodet - rigga for framtida". Det kan vere aktuelt til hausten, når rapporten kjem.